

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune er samde i at kommunane si rolle i utbygginga av vindkraft på land må styrkast. Dette er avgjerande for å auke legitimiteten til prosessane, betre forankre vindkraft lokalt og sikre lokalt tilpassa løysingar. Vi ser likevel at forslaga med fordel kan forbetrast og spesifiserast ytterlegare når det kjem til kva som kan liggje i områdeplanen etter plan- og bygningslova (pbl).

2. Vestland fylkeskommune støttar krav om områderegulering for vindkraft på land etter plan- og bygningslova. Frå høyringsforslaget går det fram at detaljeringsnivået her skal avgrensast til kva som vert sett på å ligge innanfor overordna arealmessige føresetnad, og som samtidig er relevant for kommunen si avgjersle om arealbruk, medan detaljplan framleis skal liggje hjå NVE. Vestland fylkeskommune meiner at områdeplan etter pbl skal kunne sei noko om tal turbinar, synlegheit, inngrepsfrie område, navhøgder, areal for interne vegar, turbinpunkt og andre arealavklaringar, og at dette må kome tydeleg fram i forslaget. Konsesjon skal ikkje kunne gå utover det som er bestemt i områdeplanen. Alle avklaringar etter plan- og bygningslova må det vere kommunen som tek stilling til. Dei samfunnsmessige vurderingane bør vere koplå til planavklaringa og ikkje til NVE si handsaming av konsesjonen. Kommunane bør avgjere detaljregulering. Konsesjonshandsaminga bør vere avgrensa til energifaglege spørsmål som til dømes vilkår for produksjon, overføring av elektrisk kraft og tilsyn med anlegga.

3. Det må koma tydeleg fram korleis vi skal ta omsyn til ny kunnskap i området for områdeplanen, som ikkje låg i kunnskapsgrunnlaget ved utarbeiding av planen. Departementa peikar på at områdeplanen ikkje skal endrast etter konsesjon.